



FYLKESMANNEN  
I ROGALAND

Deres ref.: «REF»

Vår dato: 09.10.2017  
Vår ref.: 2017/1768  
Arkivnr.: 432.4

Miljødirektoratet  
Postboks 5672 Sluppen  
7485 Trondheim

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00  
F: 51 52 03 00  
E: [fmropost@fylkesmannen.no](mailto:fmropost@fylkesmannen.no)

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## **Oppsummering høyring og godkjenning av forvaltingsplan for Norheimsøy og Lamholmen naturreservat, Finnøy kommune.**

Fylkesmannen i Rogaland er forvaltingsstyresmakt for naturreservat; med dette følger ansvaret for utarbeiding og eigengodkjenning av forvaltingsplan. Fylkesmannen sendte framlegg til forvaltingsplan på lokal høyring 08.02.2017.

Det kom inn 2 uttaler til høyringa; frå Rogaland fylkeskommune/kulturavdelinga og Finnøy kommune. Desse vert kortfatta gjort greie for nedanfor.

### Uttale Rogaland fylkeskommune

Som sektorstyresmakt for kulturminnevern peiker fylkesrådmannen på 2 registrerte kulturminne i reservatet – ei grop og ei tuft, samt ein rydningsrøyslokalitet. Lokalitetane har pr. i dag status «uavklart», men er høgt truleg av førhistorisk karakter, og såleis automatisk freda kulturminne. Fylkesrådmannen ber om at det ikkje blir gjort inngrep som kan gjere skade på kulturminnene, til dømes i samband med rydding av vegetasjon. Det må mellom anna ikkje gravast for å fjerne røter, eller dragast i røter slik at undergrunnen vert reven opp. Dette må presiserast i forvaltingsplanen.

### Finnøy kommune

Kommunen er nøgd med ny forvaltingsplan for området og har ikkje merknader til framlegget slik det ligg føre. Dei har ikkje registrert nokon særleg grad av bruk knytt til friluftsliv i reservatet. Kommunen oppmodar om fjerning av strandsøppel, mellom anna plastsøppel frå Ryfast-arbeidet.

### Fylkesmannens vurdering av uttalane

Vi tek uttalene til etterretning. Konkrete omsyn til freda kulturminne er lagt inn som del av forvaltingsplanen.

Om ønskjeleg kan endeleg utgåve av planen m/rettingar ettersendast på førespurnad til Stian Philip Andersen [fmrospa@fylkesmannen.no](mailto:fmrospa@fylkesmannen.no)

**Fylkesmannen i Rogaland godkjenner med dette forvaltingsplan for Norheimsøy og Lamholmen naturreservat, i Finnøy kommune.**

Med helsing

Per Kristian Austbø  
ass. fylkesmiljøvernssjef

Stian Philip Andersen  
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikke underskrift.

Saksbehandler: Stian Philip Andersen  
Saksbehandler telefon: 51568750  
E-post: fmrospa@fylkesmannen.no

Vedlegg:

1. Adresseliste